

Til Lindås kommune

**Uttale -
Framlegg til forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2018-2019**

Utdanningsforbundet Lindås har sett på ”framlegg til forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2018-2019” og har følgjande kommentarar:

Det er viktig at dei dagane som er definerte som planleggingsdagar blir lagt direkte i samband med elevane sitt skuleår ved oppstart i august. Slik som oppsettet er no vil det bety at dersom ein ønskjer to planleggingsdagar i skulen, må dei vera 14. og 15.august.

Når det gjeld plassering av planleggingsdagane elles så avgjer skulane dette sjølve etter drøftingar.

Vi har fått innspel frå ein barnehage som meiner det er trong for ein planleggingsdag ved oppstart av vårhalvåret, og at ein av dei dagane som er føreslege som planleggingsdagar i høyringsdokumentet blir flytta til 2.januar.

Vedr. oppsette ferie og fridagar så har vi ingen merknadar til desse.

med helsing

Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar